

Bibeltekst: Matt.3,13-17

Dag: 2.s. i opb.

Kyrkje: Bryne

Dato: 12.01.2014

Tema: Døyp til langsiktig liv

2 ansikt møter kvarandre. Det eine er forskrekka, det andre er fast og bestemt. Johannes og Jesus står overfor kvarandre ved Jordanelva. **(Bilde 1)**

Johannes døyper folk som vil venda om og starta eit nytt liv. Han døyper syndarar som vil gjera retningsforandring og venda seg til Gud. Mange vil. Dei kjem. Dei vert døypte, dukka under i Jordanelva og stig opp for å leva eit nytt liv. Men så kjem Jesus. Då får Johannes sjokk. Han nektar. Dåpen hans er for syndarar, ikkje for syndfrie. Jesus passar ikkje inn.

Ansikta fortset å sjå inn i kvarandre. Johannes forskrekka. Jesus fast og bestemt. Johannes ser ein kortsiktig katastrofe og nektar å døypa feil mann. Jesus ser langsiktig seier. Han er rett mann til å gjera noko som bare han kan, for alle mann. 2 blikk står og bryt mot kvarandre. Kven bøyer av? Kva skjer nå? Vert det katastrofe eller seier av dette? Kven ser konsekvensane på kort sikt? Kven ser dei på lang?

Slik har me alle stått ansikt til ansikt med eit valg i livet? Kva inneber valget på kort sikt og på lang? Dei som har levd ei stund har vel funne ut dette:

Dei beste valga me gjer, er ofte dei langsiktige.

Dei dårlegaste valga me gjer, er ofte dei kortsiktige.

Satsar me på noko som varer, får me gjerne noko som varer.

Satsar me helst på øyeblikket og det som er gildt akkurat nå, så kan det som er godt på lang sikt, gli ut av hendene våre. Kortvarig suksess kan lett verta langsiktig trøbbel.

Eg har reflektert litt rundt dette rundt årsskiftet og gjentek eit eksempel til dykk som ikkje har høyr det før. Det står heilt for mi rekning og de får ta det som det er. Men det hende altså i fjor, og i år får me sjå koss det går.

Petter Northug gjekk ut av skilandslaget og satsa for seg sjølv. **(Bilde 2)** Team Northug skulle finna motivasjon til den ekstreme satsinga det er å verta OL-mester på ski i Sotsji i februar.

Northug junior må vel reknast som eit godt sponsorobjekt. Coop Norge heiv seg på og vart hovedsponsor for Team Northug. Det skurra i mange sine øyre. Soloprojektet Team Northug og samvirkegiganten Coop i tospann. **(Bilde 3)** Godt for Petter. Muligens også ein kortsiktig blest for Coop. Men det langsiktige omdømmetapet må vel vera stort. Er ikkje dette i strid med konsernet sine kjerneverdier? Er det ikkje fellesskap og ikkje soloprojekt Coop byggjer på? Er ikkje slagordet at Coop er litt mitt, litt alle sitt? Kva med Coop sine andre sponsorat, med Frelsesarmeen og kreftsaka og Norway Cup og internasjonale solidaritetsfond? Vil dei bleikna i Northug-effekten?

Og kva med media? Jau, kortsiktig suksess. Mykje å skriva om. Northug kan mest alltid vera ei sak. Men etter som hausten går, har det kome fram eit betenkeleg mønster: Avisoverskrifter og notisar i tekst-TV fortel villig om Northug sine plasseringar på ein plass mellom 15 og 55, men dei 3 på pallen får lite fokus. Kva gjer det med media sin langsiktige truverdighet å referera så kortsynt og smalspora?

Og kva med lagidretten? På laget får du nyta godt av fellesskapet sine trenarar, lagkameratar, smøreteam, gliprosjekt, forskning og haugevis med frivillig dugnadsarbeid. Kva om dei som blir best ved hjelp av fellesskapet, går ut og startar for seg sjølv? Kva gjer det med dugnadskulturen og breiddesatsinga på sikt? **(Bilde 4)**

Ingen av oss sit med fasiten, og eg vil ikkje dømma Petter Northug. Han har eit stor forventningspress frå folket, og eg også skal jubla om han lukkast i OL. For me sit alle med det store ansvaret i livet å unngå å betala kortsiktig suksess med langsiktig trøbbel. Dei beste valga me gjer, er ofte dei langsiktige.

Slik ser eg Jesus ved Jordanelva. **(Bilde 5)** Han går for langsiktig seier og betalar med kortsiktig fornedring, ikkje motsett. Johannes må bøya av, protesten stilnar. Kanskje demrar det for Johannes at når Jesus absolutt vil verta døypt med ein dåp som er for syndarar, så er det ikkje Jesus sine synder dette handlar om. Nei, det er våre han vil bera. Det er dei han skal lyfta på seg. Han skal gå vegen om korset for å vinna langsiktig seier. Han tek ikkje snarvegen om kortsiktig suksess.

Jesus vert døypt i Jordanelva, av Johannes. Eg var der som tradisjonen seier at det skjedde, for ganske nøyaktig eitt år sidan. Me var prestar i bispedømmet på studietur. Her kan du sjå oss på veg ned mot Jordanelva. **(Bilde 6)**

Når du kjem heilt ned, er det laga til slik at HMS-en er i orden. Du kan gå trygt ut i vatnet og fylgja eit rekkverk **(Bilde 7)**. Mange gjer det. Nokre vert døypte som vaksne. Nokre kjøper flaske med vatn med seg heim. Eg har brukt slikt vatn i døypefonten og veit at det betydde mykje for ei som var singel student då ho fylte flasken og nå hadde vorte mor med draumar oppfylt! Ho knytta barnet sitt til dei lange tradisjonane som starta då Jesus vart døypt. Mens me prestar var der, kom ungdommar i kvite kappar og dukka under. Eg oppfatta at dei ønskte ei sterk påminning om det å vera døypt med kristen dåp. Med den dåpen som starta – ikkje med at Jesus vart døypt – men med at Jesus døde og sto opp igjen. Betalte for våre synder med kortvarig fornedring og langvarig seier.

Der er den store forskjellen mellom Jesus sin dåp og den dåpen me blir kristne i. **(Bilde 8)** Jesus vart døypt til å **døy** for oss. Me vert døypte til å **leva** med han. Han fornedra seg på kort sikt, for

å gje oss liv på lang sikt. Kjenner me denne avgjerande forskjellen, så er det ganske gildt å sjå likhetane mellom Jesus sin dåp og den som skjer i dag, den som er vår. For det skjer 3 ting når Jesus vert døypt, og noko liknande betyr det for oss at me er døypte. **(Bilde 9)**

Første likhet: Vatn. Vatn som reinsar.

Nå ser ikkje Jordanvatnet spesielt reint ut. Men vatn er jo det me vaskar oss i, vert reine av, reingjer hus og klede med. Vatn vaskar oss reine. Bibelen seier at me vert heilt reine for den skitten som legg seg rundt tankane våre, viljen vår, lysten vår. Dåp betyr tilgivelse. Dåp er verta rekna heilt rein og rettferdig i Guds auge, fordi Jesus vart døypt med syndardåpen og vant tilgivelse for oss då han døde på korset og sto opp av grava.

Andre likhet: Guds ånd kjem frå himmelen.

For Jesus dalte Guds ånd ned som ei due frå himmelen. For oss kjem det eit løfte frå Guds Ord om at me har fått Den heilage ande. Gud er heilt nær oss. Den gode hjelparen når me skal tru og leva. Kva gong me skal gjera viktige valg. Heile livet.

Tredje likhet: Å vera elska son, elska barn. Det er eit stolt farshjarta som sender helsing frå himmelen då sonen vert døypt i Jordan. Nå ser Gud Fader med glede at Sonen går inn i den gjerninga han var sendt for.

Omtrent som det me ser i dåpen i dag: **(Bilde 10 – Undheim krk)** Er me ikkje stolte når me får bera eit barn til dåp? Eit vidunder av eit menneske ligg i armane, vert bore fram for Gud i takk og for heile kyrkja i glede. Slekt og venner i finstas. Foreldrehjarte svulmar i stolthet og glede. Og skjelv litt av vågestykket å setja eit barn til verda. Korleis skal det gå? Kva valg vil jenta og gutten ta? Vil dei finna meining i livet og gode oppgåver å gå inn i? Foreldrehjarta svulmar og skjelv. Dess meir kjærleik vert vist og gitt til den vesle, dess meir vil han eller ho vita kva det vil seia å ha ein far og ei mor og ein heim å høyra til i.

Eit farshjarta som svulmar i glede. Me meir enn anar det i forteljinga om Jesus som vert døypt. Ikkje trong me vera i tvil om det den dagen Jesus vart fødd og himmelen sin englesang heldt konsert over Betlehemsmarkene. Ikkje skulle det vera tvil då Jesus vart døypt: *"Dette er Son min, han som eg elsker, i han har eg mi gledei."* Sagt med ennå større glede nå. For Sonen har vorte vaksen. Nå er han trygg på kor han høyrer til og kva veg som er hans. Nå velger han å gå inn i den oppgava han var fødd til. Den som skulle gje meining og håp til alle oss andre. I himmelen følger Far med, kan ikkje halda gleda si for seg sjølv.

Og slik er det i dag også. Eit farshjarta i himmelen svulmar av glede kvar gong nokon vert døypt, anten dei er barn eller vaksne. *"Dette er mitt barn som eg elsker"!* Og velger dei seinare å leva det livet dei er skapte til og døypte til, så svulmar Guds hjarta i ennå større glede. For når dei kjenner og merkar farshjarta, så veit dei kor dei høyrer til. Aldri om dei vil vera noko anna og betre enn Guds barn. Ha Jesus som bror. Ha himmelen open og retning for livet på jorda. Heim der framme. Heim her og nå. Nær Gud, nær medmenneske.

Kvar gong de er i kyrkja, og særleg når det er dåp, må de gjerne fylla synet med den eine delen av glasmaleriet i Brynekyrkja. **(Bilde 11)** Kanskje ser og anar me samanhengen mellom Jesu dåp og vår dåp. **Vatnet** som strøymer som ei elv frå barnet sitt hovud heilt ned. **Dua** som dalar heilt oppe. Barnet som har funne eit fang å høyra til i. **Elska** av Far i himmelen – og foreldra sine!

Og dette er ikkje kortvarige greier! Dette gjev ikkje langsiktig trøbbel! Å vera døypt er å vera døypt til livet! Det som er evig.

Slik gjer foreldre langsiktig gode valg for dei som dei er så glad i. Slik får me alle hjelp til å unngå for mykje kortsiktig trøbbel. For me er døypte til eit liv med langsiktig mål. Eit liv med seier. Eit liv med Jesus.